

## Fiber til Heimen i Tresfjord

### Kvifor optisk fiber?

Optisk fiber er den nye teknologien som vil verte nytta til kommunikasjon på nettet. Ein fiberoptisk kabel formidlar lyssignal i staden for strømimpulsar. Dette gjev ein enorm auke i hastigheit og kapasitet.

### Kvifor vere med?

Her er det god plass til telefon, radio, TV, film, heilt nye tovegstenestar og mykje, mykje meir. Dessutan er driftssikkerheita mykje betre.

Skal vi halde ungdomen i bygdene er denne forma for kommunikasjon ein av dei faktorane som må vere på plass. Innlagt fiber er også med å auke verdien på bustadane. Bedrifter vil òg betre sine kommunikasjonar.

Tresfjord Bygdelag ønskjer at Tresfjord skal vere ein attraktiv plass for ungdom å busette seg, og for næringsliv å etablere seg. Vi har difor tatt initiativ til å få bygd ut fiber i Tresfjord. Vi har tatt kontakt med Nordvest Nett AS som er aktuell utbyggjar saman med Tafjord. Dei har alt stått for ei vellukka utbygging av fiber til heimen til alle bustader i Vatne - og Tennfjordområdet og store deler av Ålesund. Det er normalt i slike prosjekt at minst 50 % førehandsteiknar seg før utbygging kan starte.

Vi stiller deg difor 3 spørsmål, som vi ber deg svare på snarast:

- **Ynskjer du at din bustad vert knytt til fiber?**  
Ja  Nei
- **Dersom ja, kor mykje kan du maksimalt tenke deg å betale i tilknytingsavgift?**  
kr 3.000  kr 5.000  eller kr 10.000
- **Vil du tillate at fiberen blir lagt over din eigedom (gjennom rør i grunnen)?**  
Ja  Nei

Stad og dato: \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_ Gnr ..... Bnr .....

*Dette er ei ikkje-bindande undersøking.*

Mottak i eigna dunk ved Spar Tresfjord

Det kan òg sendast til Tresfjord Bygdelag v/Ø. Granberg, 6391 Tresfjord

Du finn skjemaet på nettsidene våre [www.tresfjord.no](http://www.tresfjord.no)